



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 28.08.2019

---

**Sak nr.:** 18/1264-26

**Internt l.nr.:** 43776/19

**Sak:** 70/19

**Tittel:** Nasjonal ramme for vindkraft

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet tilrår ikkje ei nasjonal ramme med utvalde område for vindkraft i Sogn og Fjordane. I vidare forvaltning og handsaming av konsesjonssaker vil vi likevel leggje vekt på kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd. NVE bør fortsetje arbeidet med å byggje opp eit samla kunnskapsgrunnlag for vindkraft.
2. Ny regional plan for vindkraft, eller ein samla regional plan for energi, kan vere ei løysing for å styre utbygging på regionalt nivå. Dette kan vurderast i planstrategien for nye Vestland fylke.
3. Ny kunnskap om negativ utvikling for økosystem, naturtypar og artar, og auka bruk av areala til friluftsliv og turisme, bør leggjast til grunn for vidare forvaltning av fjellområda. Det må vidare nyttast nok tid og ressursar på å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag for ein berekraftig bruk av areala. Utvikling av ny fornybar energi bør ikkje gå på bekostning av viktige nasjonale kulturarvverdiar og kulturhistoriske landskapskvalitetar, naturmangfald, friluftsliv og større samanhengande natur- og kulturlandskapsområde.
4. I det grøne skiftet må ein sjå på alle moglegheiter for å skaffe ny fornybar energi, inkludert energieffektivisering, oppgradering av eksisterande kraftverk og å leggje til rette for at ny teknologi - som havvind - skal bli konkurransedyktig. Staten må, gjennom lovgiving, måten å skattlegge på mv, leggje til rette for ei framtidretta energiutvikling.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 1:

Fylkesutvalet tilrår å halde fram med ei nasjonal ramme med utvalde område for vindkraft, då vi trur ei avviking av ho vil opne for meir press for å stille lokale område tilgjengeleg for utbygging. Kunnskapsgrunnlaget for den nasjonale ramma må vere viktig for vidare arbeid med søknader. Innanfor den nasjonale ramma skal kvart fylke vedta ein regional plan, og kommunestyra (evt fylkestinget der fleire kommunar er involverte) skal ha avgjerande mynde i sak om konsesjon.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg:

Punkt 2 blir nytt punkt 1 med følgjande tillegg: Fylkesutvalet viser til at Sogn og Fjordane alt i 2011 vedtok ein regional plan for vindkraft, og såleis har erfaring med dette planverktøyet.

Punkt 1 blir nytt punkt 2.

**Avrøysting:**

Trude Brosvik røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti og framlegget vart såleis forkasta.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegget frå Arbeidarpartiet vart deretter samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Ny regional plan for vindkraft, eller ein samla regional plan for energi, kan vere ei løysing for å styre utbygging på regionalt nivå. Dette kan vurderast i planstrategien for nye Vestland fylke. Fylkesutvalet viser til at Sogn og Fjordane alt i 2011 vedtok ein regional plan for vindkraft, og såleis har erfaring med dette planverktøyet.
2. Fylkesutvalet tilrår ikkje ei nasjonal ramme med utvalde område for vindkraft i Sogn og Fjordane. I vidare forvaltning og handsaming av konsesjonssaker vil vi likevel leggje vekt på kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd. NVE bør fortsetje arbeidet med å byggje opp eit samla kunnskapsgrunnlag for vindkraft.
3. Ny kunnskap om negativ utvikling for økosystem, naturtypar og artar, og auka bruk av areala til friluftsliv og turisme, bør leggjast til grunn for vidare forvaltning av fjellområda. Det må vidare nyttast nok tid og ressursar på å skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag for ein berekraftig bruk av areala. Utvikling av ny fornybar energi bør ikkje gå på bekostning av viktige nasjonale kulturarverdiar og kulturhistoriske landskapskvalitetar, naturmangfald, friluftsliv og større samanhengande natur- og kulturlandskapsområde.
4. I det grøne skiftet må ein sjå på alle moglegheiter for å skaffe ny fornybar energi, inkludert energieffektivisering, oppgradering av eksisterande kraftverk og å leggje til rette for at ny teknologi - som havvind - skal bli konkurransedyktig. Staten må, gjennom lovgiving, måten å skattlegge på mv., leggje til rette for ei framtidsretta energiutvikling.